



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar, tlf
Oddgeir Aardal – 57 72 32 32
E-post
oaa@fmsf.no

Vår dato
25.02.2008
Dykkar dato
25.01.2008

Vår referanse
2008/672-2 40
Dykkar referanse

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Høring - jordverngruppas rapport "Klimaskifte for jordvernet"

Vedlagt følger kopi av fylkeslandbruksstyret i Sogn og Fjordane si møtebok, dokumentliste og eventuelle vedlegg så langt dei vedkjem ovannemnde sak.

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Oddgeir Aardal
førstekonsulent

Vedlegg: Utskrift av møteboka for fylkeslandbruksstyret

2008/00132 - 7	
Mottatt:	2. FEB. 2008 ADK/MA
Saksbehandler:	DRS 470
Kopier:	

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 55
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:
post@fmsf.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

7/2008

Saken gjelder/Saka gjeld

Klimaskatte for jordvern - Høyingsfrøsegn
til LMD

Påskrifter



MØTEBOK

FYLKESLANDBRUKSSTYRET I SOGN OG FJORDANE

Side 1

Saksnummer: 7/2008	Kommune:
Møtedato: 15.02.2008	Sakshandsamar: Christian Rekkedal

SAK: KLIMASKIFTE FOR JORDVERN – HØYRINGSFRÅSEGN TIL LMD

LANDBRUKSDIREKTØREN SI SAKSUTGREIING:

Bakgrunn

Dyrka jord er ein avgrensa ressurs og under førre regjering vart det vedteke ei målsetjing om å halvere den årlege omdisponeringa av den mest verdifulle jorda, rekna i perioden 2005 – 2010. Landbruks- og matministeren i den sittande Regjeringa oppretta i 2007 ei arbeidsgruppa som fekk i oppdrag å:

- Gje ein status på arbeidet med å nå målsetjinga om halvering av årleg omdisponering
- Vurdere eksisterande verkemiddel
- Foreslå nye verkemiddel.

Arbeidsgruppa leverte sin rapport 8. januar og denne vart no sendt på høyring der departementet særleg ber om synspunkt på forslag til verkemiddel. Vi viser til rapporten, særleg forslag til verkemiddel i kap 5.

Våre merknader

Vi konstaterer at målsetjinga om å halvere omdisponeringa neppe kjem til å bli oppfylt dersom dagens praktisering held fram. På landsbasis har det i gjennomsnitt i perioden 1994 – 2004 vore omdisponert om lag 11 400 daa dyrka jord pr år, og skal vi nå målsetjinga må vi ned i 5700 daa på landsplan. Her i fylket har den årlege omdisponeringa variert, men det har lege mellom 200 – 300 daa. Det er ikkje lagt opp til noko geografisk differensiering mellom fylka, den dyrka jorda må takast vare på der ho ligg.

I rapporten er det 11 konkrete forslag til verkemiddel, og vi kommenterer dei enkelte punkta.

1. Informasjonsprogram for betre jordvern.

Dette handlar i stor grad om auka kunnskap om behovet for jordvern og ein offentleg og politisk debatt der dette står på dagsorden. Auka kunnskap om langsiktig areal- og ressursforvaltning er eit godt tiltak som bør følgjast opp i både kommunane, fylket og hjå sentrale styresmakter.

2. Styrke verkemidla i plan og bygningslova.

Planlova er under revidering og det blir drøfta nokre grep som skal sikre ein grundig planprosess der også landbruket sine interesser blir lagt vekt på. Døme på dette er rikspolitiske retningslinjer for jordvern (RPR) slik det finst på andre viktige område som til dømes transportplanlegging. Dette er eit godt tiltak.

Der ligg også forslag som skal hindre uheldige dispensasjonar og redusere kommunane sin rett til å gje dispensasjonar i LNF-områda. Det er store geografiske skilnader på behovet for styring av dispensasjonspraksis, så vi rår til ei form for differensiering der ein først og

MØTEBOK

Saksnummer: 7/2008	Kommune:
Møtedato: 15.02.2008	Sakshandsamar: Christian Rekkedal

fremst reduserer enkeltsaker i til dømes sokalla "kjerneområde landbruk".

3. Regionale planprosessar

I nokre område med stort byggjepress på gode jordbruksareal, til dømes på Jæren, har ein fylkesdelplan for arealbruken lagt langsiktige føringar for grensa mellom landbruk og tettstadane. Dette er eit godt verkemiddel som med fordel kan styrkast i form av at fylkesplanen vert bindande. For vårt fylke har vi ikkje så store byar at dette verkemiddelet er turvande, vi bør i størst mogeleg grad satse på gode prosessar i kommuneplanen.

4. Rikspolitiske retningslinjer for jordvern

Dette har vi kommentert under punkt 2, og som nemnt meiner vi dette er eit godt tiltak.

5. Styrke jordlova

Jordvernet er alt i dag sterkt formulert i § 9 i jordlova, så det handlar meir om praktiseringa. Men der er eit unntak for landbruket sine egne byggjeprosjekt, til dømes bygningar. Det viser seg at slike tiltak også fører til betydeleg omdisponering, og ikkje minst ei uheldig oppstykking av jordbruksareala. Det er derfor forslag om at også slike tiltak må ha godkjenning etter § 9 i jordlova. Vi støtter dette forslaget.

Her ligg også forslag om å avgrense kommunane sitt mynde til å gje dispensasjon, gjerne gjennom ei form for differensiering i forhold til kor verdifulle areal det er tale om. Vi har delvis vore inne på dette i punkt 2 når det gjeld dispensasjonar etter plan- og bygningslova. Sett frå kommunane si side kan det vere kontroversielt å redusere deira mynde på dette området. Men vi høyrer også om tilfelle der kommunane synest dei kjem for nær søkjarane sett i forhold til oppgåva med å forvalte ein nasjonal arealressurs. Desse ulike omsyna må vegast mot kvarandre. Vi må også ta omsyn til behovet for ei effektiv forvaltning. Dersom alle sakene skal løftast opp på fylkesnivå, med tilhøyrande klageinstans på sentralt nivå, vil tidsforbruket auke.

Ved eventuelle endringar i fullmaktene, tilrår vi ei differensiert løysing der berre avgjerdsmynde for omdisponering av dei mest verdifulle jordbruksareala i kommunen blir lagt til fylkesnivå.

6. Heimel for vern av jordressursar

Her blir det vist til vern av dei mest verdifulle naturområde i naturvernlova, og om det er behov for noko tilsvarande for den mest verdifulle dyrka jorda. Så vidt vi forstår vil dette gjelde den mest verdifulle områda for dyrking av matkorn, og dette har vi lite av her i fylket. Vi vil tru at andre tiltak som til dømes bindande regionale planar er tilstrekkeleg, og tek derfor ikkje stilling til dette forslaget.

7. Nasjonal transportplan må prioritere vegløysingar som reduserer konflikt med jordvern

I rapporten er det peikt på døme der nye regionale vegløysingar flytter utbyggingspress vekk frå dei mest konfliktfylte områda, og at slike samferdselsprosjekt bør prioriterast i Nasjonal transportplan. I praksis taler vi om nye vegløysingar kring store byar med stor konflikt med jordvern. Nasjonal transportplan skal ta mange omsyn, og vi er skeptisk til at

MØTEBOK

Saksnummer: 7/2008	Kommune:
Møtedato: 15.02.2008	Sakshandsamar: Christian Rekkedal

slike veganlegg skal få ei ekstra prioritering. Jordvern i desse pressområda bør løysast gjennom dei andre tiltaka som er nemnde i rapporten slik at ein får langsiktige grenser for jordvern. Dessutan bør jordvernet heller kome sterkare inn ved val av vegtrase på nye anlegg, slik at ein får ei ønskjeleg utbyggingsretning og auka interesse for fortetting i eksisterande byggeområde.

Vi rår derfor i frå dette forslaget.

8. Betre kunnskap om jordressursane

God kunnskap om ressursane er ein fordel uansett kva syn ein elles har om arealprioriteringar. Nye digitale kartløyisingar, flyfoto og lett tilgjengelege plankart på nettet, vil gjere både planprosessar og ressursforvaltninga enklare.

9. Prioritering av jordvern i styringsdialogen

Dette handlar om å formidle statleg politikk på eit av mange sentrale område. Fylkeslandbruksstyra har ei viktig regional rolle, og det er etter vår vurdering ynskjeleg at LMD legg til rette for erfaringsutveksling og dialog med styra om deira rolle. Dette er særleg aktuelt tidleg i valperioden og kan med fordel skje for fleire fylke samla.

10. Forvaltningsreforma må legge til rette for sterkt kompetansemiljø innan landbruk, areal og ressursforvaltning

Vi er samde i denne målsettinga. Denne reforma er til behandling i Regjeringa og det er venta eit eige høyringsnotat om oppgåvefordeling m.m. Vi finn det derfor ikkje rett å kommentere dette noko meir i denne omgang.

11. Utarbeide eit nytt og ambisiøst politisk mål for reduksjon av nedbygginga av dyrka jord.

Med dei tiltaka som er nemnde i denne rapporten bør det vere mogeleg å redusere nedbygginga av dyrka jord. Vidare politiske mål er som det står ei politisk prioritering. Vi rår til at vi først får betre erfaringar med dei tiltaka som er nemnde her og betre oversikt over den faktiske omdisponeringa gjennom betre rapporteringar. Deretter synest det på sin plass å formulere målsettingar for neste 10-års periode 2010 – 2020.

I samsvar med fullmakt frå fylkesmannen gjev landbruksdirektøren slik innstilling:

Fylkeslandbruksstyret viser til kommentarane frå landbruksdirektøren og sluttar seg til desse.

SAMRØYSTES VEDTAK: Fylkeslandbruksstyret seier seg samd med landbruksdirektøren.
